



Arkivnr: 2014/15801-11

Saksbehandlar: Ivar Hjelland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Bussanlegg i Sunnhordland - romprogram

Samandrag

Noverande avtale om rutepakke for buss i Sunnhordland går ut 01.07. 2017. Gjeld området Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio. Området vert i dag operert med følgjande bussanlegg:

- Bussanlegg i Leirvik med sjåførfasilitetar, vaskehall og verkstad
- Bussanlegg på Svortland Bømlo med sjåførfasilitetar og vaskehall.
- Bussoppstillingsplassmed sjåførfasiliteter på Sveio, tittelsnes

Alle anlegga er leigde anlegg, og bussoperatør har sjølv inngått avtale med utleigar.

HFK har soleis ingen avtale med utleigar, og anlegga på Leirvik og Bømlo vil heller ikkje verta tilgjengeleg for utleige etter 01.07.2017.

Kjøp av tomter til bussanlegg i Sunnhordland vart godkjent av fylkestinget i juni 2014. Det er kjøpt tomt i Leirvik og på Bømlo. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å byggje nye bussanlegg på Stord og Bømlo, der HFK står som eigar av anlegga.

Skyss førebur no 2. generasjon bussanbod for rutepakke Sunnhordland, gjeldande frå 01.07.2017. Tilgong til bussanlegg for operatør må vere avklara før kunngjering av rutepakken.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 02.10.2015, vert lagt til grunn for vidare planlegging av nye bussanlegg på Stord og Bømlo.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
eigedomsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Bussanlegg Stord
- 2 Bussanlegg Bømlo

Fylkesrådmannen, 23.10.2015**1. Bakgrunn**

Fylkestinget vedtok i sak 55/04 å konkurranseutsetje bussruteproduksjonen. For å kunne gjennomføre ein kontrakt om bussruteproduksjon, vil operatøren være avhengig av å kunne disponere bussanlegg samt oppstillingsplass som har tilstrekkeleg areal til å kunne parkere bussparken.

Ved at fylkeskommunen stiller bussanlegg til disposisjon for operatør, er ein med på å sikre ein likeverdig konkurranse mellom tilbydarane.

Ruteproduksjonen for rutepakke Sunnhordland, 1. generasjon, vart lagt ut for anbod med oppstart 01.07.2008. Gjeld området Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio. Operatør i Sunnhordland er Nobina Norge AS, og i kontrakten med Skyss går driftsperioden fram til 01.07.2015 + 2 år. Ved bruk av opsjon vil avtalen gå fram til 01.07.2017.

Området vert i dag operert med følgjande bussanlegg:

- Bussanlegg i Leirvik med sjåførfasilitetar, vaskehall og verkstad
- Bussanlegg på Svortland Bømlo med sjåførfasilitetar og vaskehall.
- Bussoppstillingsplass med sjåførfasilitetar på Sveio, Tittelsnes

Alle anlegga er leigde anlegg, og bussoperatør har sjølv inngått avtale med utleigar. HFK har soleis ingen avtale med utleigar, og anlegga på Leirvik og Bømlo vil heller ikkje verta tilgjengeleg for utleige etter 01.07.2017. Dette fordi både hus og tomt vert tekne i bruk til annleis føremål.

Skyss førebur no 2. generasjon bussanbod for rutepakke Sunnhordland, gjeldande frå 01.07.2017. Tilgong til bussanlegg for operatør må vere avklara før kunngjering av rutepakken.

Kjøp av tomter til bussanlegg i Sunnhordland vart godkjent av fylkestinget i juni 2014.

Fylkesrådmannen tilrår difor å byggje nye bussanlegg på Stord og Bømlo, der HFK står som eigar av anlegga.

I samarbeid med Skyss har vi definert følgjande behov:

Bussanlegg på Stord	Noverande behov	Antatt framtidig behov
Bussoppstillingsplassar	31 stk	47 stk
Vaskehall med bussvaskemaskin	JA	JA
Drivstoff fylling	JA	JA
Verkstad	4 verkstedslaup	5 verkstedslaup
EU-kontroll	JA	JA
Sjøførfasilitetar med garderobe etc	50 sjåførar	67 sjåførar
Administrasjon	6 tilsette	7 tilsette

Bussanlegg på Bømlo	Noverande behov	Antatt framtidig behov
Bussoppstillingsplassar	14 stk	16 stk
Vaskehall med bussvaskemaskin	JA	JA
Drivstoff fylling	JA	JA
Sjøførfasilitetar med garderobe etc	22 sjåførar	25 sjåførar
Administrasjon	1 tilsett	1 tilsett

2. Regulering, byggetomt og tilkomst

HFK har kjøpt tomt for anlegga på Stord og Bømlo. Begge tomtane ligg i regulert område, og er regulert for næringsverksemd og industri.

Stord:

- Øvre Sæ, like ved innkjøring til Leirvik.
- Storleik tomt: 14.655 m²
- Tomta er opparbeida og ferdig planert.

Tomta ligg sentralt ved innkjøringa frå E39 mot Leirvik sentrum. Avkjøringa frå fylkesveg og grense mot fylkesveg må tilpassast pågåande reguleringsarbeid for gang og sykkelveg langs fylkesvegen. Vedlagte areal skisse viser korleis bussanlegg er tenkt utforma på Stord.

Bømlo:

- Hollundsdalen næringsområde, omkring 1 km aust for Svortland.
- Storleik tomt: 4096 m²
- Eksisterande bygning er 281 m² BTA. Bygget inneheld ein mindre industri hall og eit kontorbygg i to etasjar, bygd kring 1995.
- Utvendig anlegg er delvis asfaltert.

Tomta har tidlegare vore nytta til blant anna avfallsortering. Tomta ligg midt inne i eit industri og næringsområde, men tilkomst reknas å kunne fungere godt, då det er snakk om begrensa tal bussar på Bømlo. Vedlagte areal skisse viser korleis bussanlegg er tenkt utforma på Bømlo.

3. Areal og romprogram

Areal behova for dei to anlegga er på 1738 m² NTA for Stord, og 415 m² NTA for Bømlo. Visar til vedlagte romprogram. I tillegg kjem at storleiken på tomten må gje plass for naudsynt antall bussoppstillingsplassar og trafikkareal på området. For anlegget på Stord vert alt nybygg. For anlegget på Bømlo vert i hovudsak eksisterande bygg rehabilitert og ombygd. Det må likevel byggjast ny vaskehall.

For utvendige bussoppstillingsplassar vert det etablert «miljøparkering», dette inneber at det vert lagt fram tidstyrt EL og trykkluft til kvar parkeringsplass. Dette gjer at behov for tomgangskjøring på bussane vert redusert til eit minimum.

4. Økonomi

I økonomiplanen for 2015-2018 er det satt av kr 115 millioner til prosjektet, inklusiv kjøp av tomt. Tomt for Stord og Bømlo vart kjøpt i 2014 og 2015.

5. Framdrift

Det er avgjerande at begge bussanlegga på Stord og Bømlo kan stå ferdig innan 1. juli 2017. Link arkitektur AS, avdeling Stord, er engasjert som arkitekt for prosjektet, og prosjekteringsarbeidet er i full gang.

Det er planlagt oppstart byggjearbeider april 2016, ferdig anlegg juni 2017

Forprosjekt vert lagt fram for fylkestinget våren 2016.